



## Møteprotokoll for Formannskapet i Radøy

**Møtedato:** 19.04.2018  
**Møtested:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 09.00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Jon Askeland	SP	Ordfører
Jostein Borlaug	AP	Varaordfører
Anne Berit Bø Palmesen	SP	Medlem
Kirsti Gjetle Floen	AP	Medlem
Else Marie Skartveit Dale	KRF	Medlem
Kenneth Taule Murberg	H	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Christel Villanger Håland	H	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Vidar Grindheim	H	Christel Villanger Håland - H

---

### Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Jarle Landås, leiar teknisk forvaltning Tonje Nepstad Epland, arealplanleggjar  
Rolf Raknes, økonomisjef Sveinung Kvamme, møtesekretær Arthur Kleiveland

---

Synfaring: Formannskapet var på synfaring i samband med sak om Kommunedelplan på Bø.

Orientering: Representantar frå Nordhordland Næringslag orienterte om behovet for læringeplassar og planane om ei ordning med lærlingeplass-garanti.

## Saksliste

<b>Saksnr</b>	<b>Tittel</b>
023/2018	Plansak 12602016000100 - Kommundelplan for Bø - arbeidsmøte - gjennomgang av merknader til 1 gong offentlig høyring og ettersyn
024/2018	Søknad om fritak frå politiske verv - suppleringsval
025/2018	Serveringsløyve - Eva Karin Klausen AS
026/2018	Rekneskap og årsmelding 2017
027/2018	Kommunedelplan for helse og omsorg for 2018-2028
028/2018	Kulturprisen 2018
029/2018	Meldingar og referatsaker

023/2018: Plansak 12602016000100 - Kommunedelplan for Bø - arbeidsmøte - gjennomgang av merknader til 1 gong offentlig høyring og ettersyn

**Behandling:**

Formannskapet var på synfaring i planområdet på Bø, der aktuelle merknader til kommunedelplanen vart orientert om.

Etter synfaringa gjekk formannskapet gjennom dei ulike merknadane, og gav som styringsgruppe signal om vidare oppfølging i planarbeidet.

Etter styringsgruppa (formannskapet) si handsaming av kommunedelplanen, ligg det føre merknadsskjema med kommentarar både frå rådmannen og frå formannskapet (lagt inn som vedlegg i saka - jp 18/6307).

Det vart sett fram følgjande fellesframlegg til vedtak:

Administrasjonen arbeidar vidare med kommunedelplan på Bø på bakgrunn av signal frå styringsgruppa.

**Vedtak:**

Administrasjonen arbeidar vidare med kommunedelplan på Bø på bakgrunn av signal frå styringsgruppa.

---

024/2018: Søknad om fritak frå politiske verv - suppleringsval

**Behandling:**

Ordførar Jon Askeland sette fram forslag om å utsetja saka.

Formannskapet vedtok framlegg sett fram i møtet.

**Vedtak:**

Saka vert utsett.

---

025/2018: Serveringsløyve - Eva Karin Klausen AS

**Behandling:**

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**Vedtak:**

Serveringsløyve vert innvilga etter serveringslova §3, slik:

- Løyvehavar: Eva Karin Klausen AS
  - Dagleg leiar: Eva Karin Klausen f. 12.11.74
  - Serveringsstad: YX Manger, Radøyvegen 1609, 5936 Manger
  - Opningstider: Kvardagar frå kl. 06.00 til kl. 22.00, laurdag og sundag frå kl. 09.00 til kl. 22.00.
- 

## 026/2018: Rekneskap og årsmelding 2017

### Behandling:

Ordførar Jon Askeland sa at det vert lagt opp til ein presentasjon av årsmelding og rekneskap 2017 i kommunestyret.

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

### Vedtak:

Årsmelding og rekneskap for 2017 vert godkjent slik dei ligg føre.

---

## 027/2018: Kommunedelplan for helse og omsorg for 2018-2028

### Behandling:

Kommunalsjef Grete Herøy orienterte om kommunedelplan for helse og omsorg. Ho peika på følgjande innsatsområde i handlingsplanen:

- Forebygging, tidleg innsats og kvardagsmeistring
- Frivilleg arbeid
- Innovasjon og velferdsteknologi
- Heilskaplege og saumlause tenester
- Rekruttering og kompetanse

Kommunalsjefen framheva at planen har fokus på forebygging. Mellom anna er det gjort framlegg om tilbod om forebyggande heimebesøk til innbyggjarar over 70 år.

Systematisk integrering av flyktningar og oppfølging av personar med låg bukompetanse, velferdsteknologi, kompetanseheving og ergoterapeut er andre viktige tiltak i planen.

Kommunalsjefen peika på utfordringar knytt til tal yrkesaktive i høve tal forventa behov for bistand.

Rekruttering og kompetanse er også ein del av utfordringsbiletet.

Kommunalsjefen viste til at Radøy har redusert netto driftsutgifter innan forebygging, helsestasjons- og skulehelseteneste, diagnose, behandling, re-/habilitering og anna forebyggande helsearbeid samanlikna for tre år sidan. Driftsutgiftene er lågare enn gjennomsnittet i K10-gruppa.

Driftsutgifter til diagnose, behandling og rehabilitering har auka (og ligg over K10).

Kommunalsjefen peika også på at netto driftsutgifter til sosialtenesta pr. innbyggjar har gått opp i perioden 2015 til 2016, og er høgare enn i dei andre kommunane i samanlikninga.

I formannskapet vart det peika på utfordringa med høgt sjukefråver. Satsing på kompetanseheving vart framheva, og tilbod om førebyggjande heimebesøk til innbyggjarar over 70 vart helsa velkomen.

Ordførar Jon Askeland sa i ei oppsummering at helse- og omsorgsplanen får augene våre opp for ulike aldersgrupper sine utfordringar og tenesteleveransane til desse.

Formannskapet konkluderte med at det er lagt fram ein god plan, og legg planen ut på høyring.

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

#### Vedtak:

Formannskapet sluttar seg til planen slik den ligg føre. Planen vert lagt ut på høyring til dei aktuelle instansar i perioden 23. april – 1. juni 2018. Eventuelle innspel vert lagt med til endeleg handsaming i kommunestyret.

---

#### 028/2018: Kulturprisen 2018

##### Behandling:

Medlemene i formannskapet kom med sine synspunkt på aktuelle kandidatar til kulturprisen.

Etter ein drøftingsrunde samla formannskapet seg om ein prismottakar.

Saka vart handsama for lukka dører, etter § 5 1.ledd.

Kulturprisen vert delt ut på kultur- og idrettsgallaen.

##### Vedtak:

Vedtaket er mellombels unnateke offentlegjering, jf § 5 1. ledd.

---

#### 029/2018: Meldingar og referatsaker

##### Behandling:

Uttale Nordhordlandspakken: I kommunestyret vart det uttrykt ønske om at uttalen til Kontaktutvalet for Nordhordlandspakken vert formulert på ein måte som gjer at solidariteten i vegpakken vert ivaretatt. Formannskapet drøfta difor saka og gjorde nokre små redaksjonelle justeringar i tråd med uttalen frå i kommunestyret 12. april.

##### Det vert etter dette gitt følgjande uttale til Kontaktutvalet for Nordhordlandspakken

Kommunestyret i Radøy er kjend med dei økonomiske utfordringane knytt til Nordhordlandspakken, og me har forståing for at kontaktutvalet må ta ansvar for både økonomi og gjennomføring av pakken.

Kommunestyret i Radøy vil likevel gje følgjande innspel til kontaktutvalet:

1. Prosjekt 1 FV 565 Marås –Soltveit må byggjast i planlagt lengd. Kommunestyret peikar på at ved oppdeling av Radøyprosjekta (som er regulert frå Tolleshaug til Soltveit med arm til Manger), så var det konkrete grunnar til at prosjektet vart delt ved Marås kryss. Dette dreiar seg først og fremst om vegstandard. Fv 565 sør for Marås tillèt stort sett at to bilar kan passera kvarandre. Nord for Soltveit er det nyare tofeltsveg. Men, både frå Soltveit og sørover, og Marås og nordover kjem ein rett til dei aller dårlegaste vegpartia med smal, svingete og trafikkfarleg veg. Kommunestyret bed difor om at vegprosjektet på FV 565 ikkje vert korta ned til byggjestart ved Kjeseth eller tømmervelteplassen nord for Kjeseth. NY FV 565 Marås – Soltveit erstattar noko av den aller dårlegaste vegen på Radøy, den er i tillegg gjennomfartsveg/ringveg i Nordhordland, så det er ei dårleg løysing å korta ned dette prosjektet.
2. Kommunestyret har merka seg at Regjeringa legg vekt på at det skal gjerast grep for å byggja meir veg for pengane (jfr Nye veger as). Kommunestyret er difor uroa over signal om at lokal steinkvalitet ikkje held mål. Det er lokal stein som er nytta på FV 565 mellom Soltveit og Fosntraumen og på FV 565 Storheimstø –Tolleshaug. Så langt me kan sjå er ikkje desse plaga av setningsskader, telehiv eller dreneringsvanskar. Kommunestyret oppmodar kontaktutvalet om å søkja fråvik frå vegboknormalane, og byggja mest mogleg veg **tilpassa** klimaforholda her.
3. Kommunestyret har merka seg at det vert diskutert å redusera kostnader ved at det ikkje vert bygd gang- og sykkelveg langs ny FV 565, og at eksisterande fylkesveg vert nytta til dette saman med lokaltrafikk. Kommunestyret i Radøy kan ikkje ta stilling til å gje klare råd i dette spørsmålet, då me ser argument både for og imot ei slik løysing. Men, me understrekar at dersom gang- og sykkelveg vert tatt ut av prosjektet, så må likevel grunneigarane sin tilkomst til areala sikrast, slik det er gjort avtale om i grunneigaravtalar.
4. Kommunestyret viser til saksutgreiinga for Stortinget i saka. Der står det at Nordhordlandspakken har 19 prosjekt, og at pakken har ein prioriteringsstruktur som gjer det mogleg å ta fleire grep for å styra pakken.
5. Kommunestyret ber kontaktutvalet gjera ei prinsipiell tilnærming til handtering av kostnadsoverskridingar i dei ulike prosjekta. Me meiner det vil vera uheldig dersom det vert valt prinsipielt ulike løysingar for korleis ein reduserer kostnader i dei ulike prosjekta.
6. Kommunestyret er som nemnt heilt imot at ny FV 565 får innkorting på strekkja mellom Marås – Soltveit. Kommunestyret meiner at ei innkorting vil endra trafikkmonsteret, og svekka inntektene i bomstasjonen på Radøy. Kommunestyret peikar også på at ei innkorting gjev store vanskar for gardbrukaren på Kjeseth. Kommunestyret kan ikkje godta at vegprosjektet øydelegg inntektsgrunnlaget for ein næringsdrivande i kommunen på denne måten etter at grunneigaravtale er inngått.

Kommunestyret meiner at Hordaland Fylkeskommune evt går inn med tilleggsøyving til Nordhordlandspakken og dermed sikrar at ny FV 565 på Radøy vert bygd mellom Marås og Soltveit.

Læreplass-garanti: Prosjektleder Vivian Kårbø og Inge Alver i Nordhordland næringslag orienterte om læringordninga i regionen og presenterte ei nyskaping med læreplassgaranti. Ordninga skal utifrå bestemte kriterier garantera tilbod om læreplass for alle elevar som tar 2. året på yrkesfag ved Knarvik vidaregåande skule, Austrheim vidaregåande skule og Osterøy vgs. Eit av måla med læreplassgarantien er å gjera skuleungdom målmedvitne i val av utdanning og karriereveg. Behalda ungdomen - vår viktigaste ressurs - regionen. Næringslaget framhevar også at læreplassgarantien vil sikra rekruttera til skulane, verksemdene og kommunane i Nordhordland. Målet er vidare at ordninga skal profilera regionen som eit heilskapleg system for utdanning og arbeid, og det vil setja

Nordhordland på kartet.

Formannskapet gav uttrykk for god interesse for planane om læreplass-garanti.

Investeringsprosjekt - status: Rådmann Jarle Landås orienterte om status for investeringsprosjekt, og sa at dei aller fleste prosjekta er i rute. I denne omgang trekte han fram oppgradering av Solhall-bygget i samband med utviding av barnehage-lokala og oppgradert kostnads-kalkyle for arbeidet - inkludert oppgradering av uteområdet for barnehagen. Barnehagen på Bø skal flytta inn her melliombels medan ny barnehage vert bygt på Bø. Deretter skal heile Prestmarka barnehage samlast i Solhall.

Rådmannen gav formannskapet også melding om utfordringar knytt til bygging av småbarnsavdeling i Austebygd barnehage. Konsulentselskapet Norconsult - som er knytt til prosjektet, har varsla at både uteområde og eksisterande bygningsmasse på skule og barnehage vil bli påverka av den planlagde utbygginga.

Rådmannen kjem tilbake med orientering i neste møte.

Forlenga bading: Anne Berit Bø Palmesen (SP) peika på at bassenget i Radøyhallen har vore stengt ein del i vinter. Ho spør om kommunen kan bøta på dette ved å forlenga basseng-sesongen til skulen er slutt.

På grunn av basseng-stenging i vinter har ordføraren motteke ønskje om å utvida ordninga med gratisbading for 1. klassingane til også å gjelda 2. klasse komande skuleår.

Rådmannen kjem tilbake til saka i neste møte.

Miljøforureining: Vidar Grindheim (H) reiste spørsmål om kva som kan gjerast av tiltak mot oppsamling av gamle bilar. Han peika på at det kan innebera både miljøproblem og gå på trafikktryggleiken laus. Det vart vist til fleire slike oppsamlingar av gamle bilar.

Rådmannen svarta at administrasjonen skal vurdera kva som kan gjerast.

Asfaltering: Rådmann Jarle Landås opplyste formannskapet om at det manglar 400.000 kroner på å få asfaltert ferdig kommunale vegar etter planen.

Formannskapet gav rådmannen fullmakt til å forskottera den komande budsjettjusteringa for å få finansiert kostnaden med rest-asfalteringa.

Formannskapet tok Meldingar og referatsaker til orientering, med tillegg sett fram i møtet.

Vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering

---